

## **SAK 45/16 SØKNAD OMTILSKOT, INNOVASJONSLØFT HALLINGDAL**

### **Saksopplysning**

HallingExpo søker om kr. 400.000 i tilskot til prosjektet Innovasjonsløft Hallingdal, runde 2. Vedlagt søknad dat. 17.8.2016.

Prosjekt «Innovasjonsløft Hallingdal» er initiert på grunnlag av Buskerud Fylkeskommune sitt «Regionale innovasjonsprogram 2015». Innovasjonsløftet skal styrke næringslivet sin innovasjonsevne, auke konkurransekrafta og lønsemda ved å mobilisere bedrifter, utviklingsaktørar, etablerte bedriftsnettverk til samhandling om innovasjonstiltak og nettverksbygging, for å skapa nye arbeidsplassar i Hallingdal og betre samarbeidet mellom Hallingdal og Ringeriksregionen.

Innovasjonsløftet skal gå som eit program. Deltakarane møtes på 5 samlingar. Her blir det tilført innovasjonskompetanse, m.a. er professor i innovasjon ved NTNU, Sjur Dagestad med i programleiinga. Alle bedrifter eller foretak som deltek kjem inn i programmet med eit konkret prosjekt. Prosjektet blir kvalitetsikra og vidareutvikla gjennom prosessen. Målet er at prosjektet skal dra 70 berifter frå Hallingdal gjennom kurssamlingane.

20. juni 2016 inviterte vi bedrifter i Hallingdal til eit kick-off arrangement på Pers hotell på Gol. 72 deltakarar møtte opp og 28 bedrifter meldte seg på som deltakarar på Innovasjonsløft Hallingdal.

Innovasjon Norge har støtta fyrste runde av Innovasjonsløft Hallingdal med kr. 600.000. IN er positive til å vera med på vidare finansiering, men får ikkje friske midlar til dette formålet før i mars 2017. Grunna stor pågangen frå bedrifter i Hallingdal som ynskjer å delta, ynskjer prosjektleiinga å starte opp gruppe 2 allereie i november 2016, med 12 -14 bedrifter. Innovasjon Norge sin del av finansieringa må derfor søkast andre stader for runde 2.

Runde 3 av Innovasjonsløftet er planlagt medio mars 2017.

Følgjande aktørar deltekt/bidreg i prosjektet:

Innovasjon Norge, Buskerud fylkeskommune, Regionrådet for Hallingdal, HallingExpo, Torpomoen, Hallingdal Næringshage, Hallingdal etablerersenter, Sparebank1 Hallingdal Valdres, Skue Sparebank og Gjenidige Hallingdal.

Buskerud Fylkeskommune støtta forstudie til Innovasjonsløft Hallingdal med 200.000,- Innovasjon Norge støtta runde 1 av IH med kr. 600.000. Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, Skue og Gjensidige støttar prosjektet med til saman kr. 300.000. HallingExpo skal vera prosjekteigar og har lagt kr.150.000 inn i prosjektet si forprosjektfase og fyrste runde av hovudprosjektet.

Torpomoen Drift AS skal hausten 2016 etablere eit utviklingsselskap som har som mål å bli ein motor i innovasjonsarbeidet lokalt og regionalt. Styringsgruppa for utviklingsselskapet har ynskt eit innovasjonsløft for Torpomoen, men ser effekten av å samarbeide om eit felles løft for heile Hallingdal, og har som eit ledd i denne satsinga påteke seg prosjektleiinga.

Hallingdal Næringshage og HallingExpo har laga ei samarbeidsavtale der næringshagen stiller med kompetanse, kapital og nettverk inn i prosjektet.

#### Prosjektorganisering

Prosjekteigar: HallingExpo  
 Prosjektansvarleg: HallingExpo ved Pål Rørby  
 Prosjektleiing: Torpomoen Drift ved Jørund Li  
 Prosjektmedarbeidar: Hallingdal Næringshage ved Gudmund Brekko  
 Styringsgruppe: Frå utviklingsaktørar og næringsliv.

#### Kostnads- og finansieringsplan

| <b>Hovudprosjekt, gruppe 2:</b>   | <b>Kostnadar</b> | <b>Finansiering</b>    |                |
|-----------------------------------|------------------|------------------------|----------------|
| Prosjektleiing                    | 275.000          | Sponsor/støtte         | 70.000         |
| Ekstern bistand/undervisning      | 500.000          | Regionrådet            | 400.000        |
| Informasjon/kommunikasjon         | 50.000           | Hallingdal Næringshage | 60.000         |
| Reiser, Overnatting, mat, lokalar | 65.000           | Bankane                | 300.000        |
|                                   |                  | Deltakaravgift         | 60.000         |
| <b>Total sum</b>                  | <b>890.000</b>   |                        | <b>890.000</b> |

#### Vurdering

Innovasjonsløft Hallingdal er utan tvil eit målretta og positivt tiltak som ser ut til å treffe. Tiltaket er samsvarar godt med regionale planar. Det er og i tråd med byregionprogrammet si målsetting: «Det skal skapast ein utviklingsorientert og attraktiv region gjennom å styrke eksisterande og utvikle nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske med høgare utdanning og fagutdanning.»

Når det gjeld finansiering stiller dagleg leiar spørsmål ved svært låg eigenandel, ca. 6,7% av total kostnad. Det er forståing for ein låg inngangsbillett og at det skal vera eit tilbod for både «store og små». Men ein noko høgare eigenandel, eventuelt med ei differensiering i forhold til storleik burde vurderast.

Før eventuell løyving er det i partnarsskapsavtala med Buskerud fylkeskommune kr. 2.746.362 til disposisjon.

#### Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd eit tilskot på kr. 350.000 til Innovasjonsløft Hallingdal, runde 2.
2. Tilskotet blir finansiert av partnarsskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2016.

Ål 19.8.2016

Knut Arne Gurigard  
 Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad frå HallingExpo, dat. 17.8.2016

## Søknad Regionrådet for Hallingdal

**Prosjektnavn**           Innovasjonsløft i Hallingdal

### Kort beskrivelse

HallingExpo søker om midler til gjennomføring av prosjektet «Innovasjonsløft i Hallingdal». Innovasjonsløftet skal styrke næringslivet sin innovasjonsevne, øke konkurransekraften og lønnsomheten ved å mobilisere bedrifter, utviklingsaktører, etablerte bedriftsnettverk til samhandling om innovasjonstiltak og nettverksbygging for å skape nye arbeidsplasser i Hallingdal og bedre samarbeidet mellom Hallingdal og Ringeriksregionen.

Følgende aktører deltar/bidrar i prosjektet :

Innovasjon Norge, Buskerud fylkeskommune, Regionrådet for Hallingdal, HallingExpo, Torpomoen, Hallingdal Næringshage, Hallingdal etablerersenter, Sparebank1 Hallingdal Valdres, Skue Sparebank og Gjenidige Hallingdal.

Med andre ord en massiv mobilisering for å styrke næringslivet i hele Hallingdal.

### Bakgrunn

Prosjekt «Innovasjonsløft Hallingdal» er initiert på grunnlag av Buskerud Fylkeskommune sitt «Regionale innovasjonsprogram 2015».

Viktige faktorer som påvirker innovasjonsevnen i næringslivet er bl.a. endringskompetanse og muligheten for å jobbe i relevante nettverk. Vekst i lokalt næringsliv kan økes dersom bedrifter får hjelp til å videreutvikle virksomheten.

Innovasjon Norge har støttet første runde av Innovasjonsløft Hallingdal med 600.000,- IN er positive til å være med på videre finansiering, men får ikke friske midler til dette formålet før i mars måned 2017. Grunnet pågangen fra bedrifter i Hallingdal som ønsker å delta, vil vi starte opp gruppe 2 allerede i November. Innovasjon Norges del av finansieringen må derfor søkes andre steder for runde 2.

### Prosjektmål

Styrke næringslivet i Hallingdal sin innovasjonsevne, konkurransekraft og lønnsomhet ved å mobilisere bedrifter, regionale utviklingsaktører, forsknings- og utdanningsinstitusjoner og etablerte bedriftsnettverk til samhandling om innovasjonstiltak og nettverksbygging .

Innovasjonsløftet skal også bidra til økt samarbeid mellom Hallingdal og Ringeriksregionen.

Innovasjonsløftet skal gå som et program. Deltagerene møtes på 5 samlinger. 4 av disse er lunsj til lunsj med overnatting.

Her blir de tilført innovasjonskompetanse fra de ypperste på dette feltet i Norge. Blant annet er professor i innovasjon ved NTNU, Sjur Dagestad med i programledelsen.

Alle bedrifter eller foretak som deltar kommer inn i programmet med et konkret prosjekt. Prosjektet blir kvalitetsikret og videreutviklet gjennom prosessen.

Målet er at prosjektet skal dra 70 Hallingdalsbedrifter gjennom kurssamlingen.

### **Aktiviteter**

Prosjekteier og prosjektleder har selv vært deltagende på Innovasjonsløft Ringerike med det prosjektet vi her søker støtte til. Dette for å være sikre på at dette gir den kvaliteten vi søker inn i et innovasjonsprogram. Det er virkelig tilfredstillende og utviklende å delta på programmet.

20. juni 2016 inviterte vi bedrifter i Hallingdal til et kick-off arrangement på Pers hotell på Gol. 72 deltagere møtte opp og 28 bedrifter meldte seg da på som deltagere på Innovasjonsløft Hallingdal.

Pågangen har vært formidabel, og dette underbygger behovet i næringslivet i Hallingdal for et felles løft. For å "smi mens jernet er varmt" ønsker vi derfor å gå i gang med gruppe 2 bestående av 12-14 bedrifter så raskt som mulig. Tenkt oppstart November 2016. Runde 3 av Innovasjonsløftet er planlagt medio mars, slik at Innovasjon Norge/ Fylkeskommunen har friske midler og igjen kan bidra.

### **Forankring**

Buskerud Fylkeskommune støttet forstudie til Innovasjonsløft Hallingdal med 200.000,-

Innovasjon Norge støtter runde 1 av IH med 600.000,-

Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, Skue og Gjensidige støtter hovedprosjektet med til sammen 300.000,-

HallingExpo skal være prosjektets eier. Prosjektet er forankret i styret i foreningen. Hallingxpo legger tilsammen 150.000,- inn i prosjektets forprosjektfase og første runde av hovedprosjektet.

Torpomoen Drift AS skal ilt høsten 2016 etablere et utviklingsselskap som skal bli en motor i innovasjonsarbeidet lokalt og regionalt. Styringsgruppa for utviklingsselskapet har ønsket et innovasjonsløft for Torpomoen men ser effekten av å samarbeide om et felles løft for hele Hallingdal, og har som et ledd i denne satsingen påtatt seg prosjektledelsen.

Hallingdal Næringshage og HallingExpo har laget en samarbeidsavtale der næringshagen stiller med kompetanse, kapital og nettverk inn i prosjektet. Hallingdal Næringshage vil også ha være representert i prosjektgruppa.

Prosjektet er i tråd med regionrådet sin strategi for Hallingdal 2013-2016 og målet er at et innovasjonsløft skal gjensidig forsterke andre satsinger mot eksisterende næringsliv og bidra til å skape arbeidsplasser gjennom videreutvikling, økt gründerskap og nye bedrifter.

### Prosjektorganisering

Prosjekteier: HallingExpo

Prosjektansvarlig: HallingExpo ved Pål Rørby

Prosjektledelse: Torpomoen Drift AS ved Jørund Li

Prosjektmedarbeider: Hallingdal Næringshage ved Gudmund Brekko

Styringsgruppe: Fra utviklingsaktører og næringsliv. Vil oppnevnes ved oppstart forprosjekt

### Kostnads- og finansieringsplan

| Hovedprosjekt:                    | Kostnader     | Finansiering           |               |
|-----------------------------------|---------------|------------------------|---------------|
| Prosjektledelse                   | 275000        | Sponsor/støtte         | 70000         |
| Ekstern bistand/Undervisning      | 500000        | Regionrådet            | 400000        |
| Informasjon/kommunikasjon         | 50000         | Hallingdal Næringshage | 60000         |
| Reiser, Overnatting, Mat, Lokaler | 65000         | Bankene                | 300000        |
|                                   |               | Deltakeravgift         | 60000         |
|                                   | <b>890000</b> |                        | <b>890000</b> |

Alle summer er inkl. Mva bortsett fra ekstern bistand/Undervisning som er fritatt mva.

### Oppsummert:

HallingExpo søker med dette Regionrådet for Hallingdal om 400.000 NOK til gjennomføringen av andre del av Innovasjonsløft Hallingdal.

Hallingdal 17.08.2016

Jørund Li

Pål Rørby

Prosjektleder

Prosjektansvarlig